



Notat

Dato: 28.03.2015
Arkivsak: 2015/1073-3
Saksbehandlar: annsve3

Til: Yrkesopplæringsnemnda

Frå: Fagopplæringsssjefen

Satsingsområde 2015 - vedtatt dokument

Tiltak i regi av HFK

Nye tiltak i 2015:

Ekstra tilskott til bedrifter som tar inn lærekandidat

- Bedrifter som tar inn lærekandidat i 2015 får kr 30.000,- i ekstra tilskott
- Tildelingskriterium: Opplæringskontrakt med startdato i 2015
- Tilskottet vert lagt inn i Vigo i samband med godkjenning av opplæringskontrakt, og utbetalt på næraste utbetalingsdato for det ordinære lærlingtilskotet (30.6. og 31.12.15)

Tiltak vidareført frå 2014:

Individretta tiltak

- Det overordna kriteriet er å sikre fullføring av vidaregåande opplæring.
- Kvar enkelt sakshandsamar kan bruke opp til 25.000 kr per lærling der vi ser eit behov.
- Vi set ikkje maks-beløp for utbetaling per lærling, men beløp over 25.000 kr skal drøftast i bedrifts- og formidlingsgruppa før godkjenning.
- Midlane skal brukast på lærlingar og lærekandidatar som ikkje kvalifiserer for Utdanningsdirektoratet sitt tilskot til kandidatar med særskilde behov. I spesielle tilfelle kan det gjerast ei totalvurdering.
- Aktuelle lærlingar/søkarar kan t d dukke opp i samarbeid med OT/PPT og NAV. Det kan også gjelde søkarar vi ikkje får ut i lære til hausten.
- Vi skal ikkje informere aktivt om tiltaket, men bruke midlane ved behov når vi har enkeltsaker der vi ser at økonomiske midlar kan vera med å sikre fullføring av vidaregåande opplæring.
- Det må lagast enkeltvedtak på tildelingar, desse vert arkiverte i den aktuelle elevmappa i ePhorte.

Tilskot til verdiskapingsdelen i avviksfaga

For lærekontraktar i automatiseringsfaget, dataelektronikarfaget og anleggsmaskinmekanikar-faget vert det utbetalt basistilskot 2 for verdiskapingsdelen. Dette gjeld lærlingar med rett, vaksne lærlingar utløyser basis2-tilskot for heile læretida uansett. Tilskotet vert lagt inn i Vigo i samband med godkjenning av kontrakten.

Forskottering av Utdanningsdirektoratet sitt tilskott til lærlingar med særskilde behov

Forskottinga av Utdanningsdirektoratet sitt tilskott til lærlingar med særskilde behov skal halde fram.

Så langt har vi Utdanningsdirektoratet gitt kompensasjon som dekkjer det vi har forskottert.

Vg3 alternativ opplæring i skule

I nokre fag er vil det vere stor mangel på læreplassar i høve til talet på søkjarar som kjem ut frå den vidaregåande skulen. Der det er mange søkjarar som står utan læreplass er Vg3 alternativ opplæring i skule eit alternativ.

Fagopplæringskontoret har i 2014 arbeidd for å få eit alternativt Vg3-tilbod inn i fastare former, med faste samarbeidspartar (skular og opplæringskontor) i det enkelte fag. Dette er no på plass i dei mest aktuelle faga elektrisk, lette køyretøy og mekaniske fag.

Statleg styrte tiltak

Tiltak vidareført frå 2014:

Tilskot til nye lærebedrifter

Nye lærebedrifter i 2015 får kr 50.000,- i ekstra tilskot. I 2014 vart tilskotet utbetalt til ca 130 bedrifter, med ein totalkostnad på 6.500.000,-.

Kriterium for tildeling (ref Udir):

- Utdanningsdirektoratet seier i sitt tilskottsskriv: *For å stimulere nye bedrifter til å ta inn lærlingar/lærekandidatar, innføres et stimuleringsstilskudd på kr. 50.000,- til lærebedrifter som tegner lærekontrakt/opplæringskontrakt for første gang.*
- Tilskotet gjeld lærebedrifter som signerer lærekontrakt for første gong i 2015. Tilskotet skal gjelde for nye lærebedrifter som ikkje tidlegare har inngått lærekontrakt. Dette gjeld uavhengig av når bedrifta fikk godkjenning eller klarsignal til å ta inn lærlingar.
- Ny lærebedrift = Ny juridisk eining som ikkje er kjend i Vigo systemet frå før og som signerer lærekontrakt (uavhengig av fag) for første gong.

Tilskotet skal utbetalast per 30.6. og 31.12.15.

Oppsummering tiltak 2014 og 2015:

Tiltak	Brukt 2014	Budsjett 2015	Merknad
Ekstra tilskot lærekandidatar	0	1.500.000	30.000 pr kontrakt. 50 nye kontraktar
Individretta tiltak	455.000	1.000.000	
Tilskot avviksfaga		6.000.000	
Forskottering av særskilt-tilskot Udir	Netto 26.1.15: 262.000	3.000.000	
Vg3 alternativ oppl. i skule	5.499.000	8.000.000	
Tilskot til nye lærebedrifter	6.500.000	6.500.000?	